

## Høyringsuttale til rapport frå norconsult, ny barnehage- og skulebruksplan.

Ettersom rapporten som er lagt fram, skal vere eit verktøy for å utarbeida ein ny barnehage- og skulebruksplan, ynskjer me å påpeika kritikkverdige grunnlag og mangler i rapporten. Me håpar såleis at rapporten ikkje får spele ei tung og avgjerande rolle i framlegget av ny plan, men at diskusjonen, innspela og meiningane som har kome fram i kjølvatnet av denne rapporten, får ein sentral plass i korleis me ynskjer å forme ein ny struktur for skule og barnehage i kommunen.

Det har i samband med rapporten, vorte sendt inn massiv kritikk og spørsmål til arbeidet som er gjort med å utarbeide rapporten. Her har kommunen svart på noko, medan noko står att som spørsmål til «norconsult». Me håpar at desse innspela blir teke med i vurderinga av rapporten, og kor mykje denne blir vektlagt i komande avgjersele.

Vats Grendalag kjem med desse innspela:

### **1. Framskrivning av SSB tal på bygdanivå**

Me stiller oss kritiske til det statistiske grunnlaget for rapporten, når det kjem til framskrivninga av befolkningsstatistikken.

Grunnlaget i rapporten er basert på framskrivningar gjort på bygdanivå, noko som gjer at flytting vil gi sær store utslag. Multiconsult utarbeidde rapporten "Bustadanalyse Vindafjord", datert 9.mars 2020. Denne rapporten påpeikar at framskrivning av folketal på bygdanivå er uheldig, og at fråflytting gir store utslag i framskrivningar. Denne rapporten spår ei positiv befolkningsvekst i Vats, og meiner at bygda treng meir utbyggingsareal i framtida. Altså ei heilt anna spådd framtid enn Norconsult.

Norconsult sin rapport bygger store delar av konkluderingsane si på framskrivningane på bygdanivå, noko me meiner gir eit dårleg totalbilet og tynt vurderingsgrunnlag. Det er underleg at ei slik fråflytting skal finne stad over så kort tid, når ein har hatt eit stabil innbyggartal og elevtal historisk sett. Me kjenner oss ikkje igjen i tala frå rapporten.

### **2. Konsekvensutgreiing**

Alle strukturmodellane som er lagt fram, forutan den som vidareføre dagens situasjon, leier til store omveltingar for strukturane i kommunen. Skular og barnehagar har ei så sentral rolle for at ei bygd skal vere levedyktig, at konsekvensar for ei nedlegging må greiast ut. Det at ei slik utgreiing så å sei er fråverande i rapporten, gjer at me meiner rapporten åleine ikkje kan gi grunnlag for å ta avgjersele om ein ny skule- og barnehagestruktur. Me har fleire faktorar me meiner bør vekteggjas i ny barnehage- og skulebruksplan, noko me håpar kommunen vil bruka tid på i det vidare arbeidet;

Kva blir konsekvensane for vidare vekst i bygdar utan skule og barnehage? Korleis blir det sosiale samfunnet påverka? Korleis vil institusjonelle samankomstar og aktivitetar fungere når ein tek vekk slike samlande arenaer (17.mai, idrettslag, naboskap/kjennskap)?

Korleis vil ei nedlegging av skular og barnehagar påverke verdien på eigedomar i bygdar som mister skule og barnehage. Korleis spelar dette inn på eigedomsskatt?

Kva konsekvensar vil slike strukturelle endringar leie til i næringslivet? Somme bedrifter har allereie i dag utfordringar med rekruttering av ny kompetanse. Det er fleire bedrifter som treng spesiell kompetanse, og ynskjer å nå ut i eit breitt arbeidsmarked for å dekkje opp om arbeidsbehovet. Med manglande skule og barnehage i bygdar, blir dei mindre attraktive for aktuelle for tilflyttande arbeidskraft. Kva kan tap av næringsbedrifter som flyttar ut av kommunen kan leie til?

Vindafjord er ein av dei største landbrukskommunane i Rogaland. Korleis vil ei nedlegging av skular og barnehagar spele inn på satsinga i landbruket, og korleis landbruksareal i framtida blir ivaretatt, bør spele ei viktig rolle i forslag til ny barnehage- og skulebruksplan.

Reisetida som er nytta i rapporten, viser til «direkte» køyreruter, og tek ikkje høgde for tida det tek å stoppe for å plukke opp elevar på skulevegen. Dei framlagde reisetidene har ikkje faktiske tider.

Eksempelvis tek det for ein elev i Åmsosen i dag, omlag 50 minuttar med skulebuss før eleven er framme på ungdomsskulen i Skjold. Dette syner eit heilt anna bilete av avstandar med skulebuss sett i forhold til bil.

Me meiner at dette er faktorar som bør vurderast, i lys av konsekvenser som blir skapt som følge av dei føreslådde strukturmodellane i rapporten.

### **3. Tilstandsrapport**

Dette er fråværande i rapporten. Dersom ein skal vurdere bygningar som saneringsverdige og ubrukelige, bør det ligge til grunn ein seriøs rapport som seier noko om kva mangler og avvik som ligg til grunn for ei slik vurdering. Dette gir også ei realistisk bilete på kor store inteningar ein får ved å byggje nytt.

### **4. Økonomiske innsparingar og utgifter**

Dette oppfattar me som anslag, meir enn gode faktagrunnlag.

### **5. Ungdomsskule ein anna stad enn vgs.**

Når det gjeld løysing for ungdomsskulen, der det vert lagt fram ein modell om felles ungdomsskule for kommunen, meiner me det er uheldig å ha denne plassert i nærleik til vidaregåande. Den bør i tilfelle plasserast i ei anna bygd. Med ungdomsskule og vidaregåande på same stad, skapar ein eit tøffare ungdomsmiljø. Dette kan også skape ein usikker skulekvardag for dei yngste ungdomane.

Mange vel å busetje seg i nærleik til skule. Dersom det er etablert både grunnskule, ungdomsskule og vidaregåande i Ølen, kan det tenkjast at dette motarbeider tanken om ei spreidd busetting i kommunen.

## 6. Fellesbygg

Ei utgreiing om ei slik løysing kan være kostnadsbesparande.

Ettersom Vindafjordhallen brann ned, og no skal reisast på ny, meiner me at ein evt ny skule og barnehage bør sjåast i samanheng med denne. Ein ny Vindafjordhall som støttar skuleaktivitetar, vil gi auka bruk av bygget på dagtid, og uteareal som er i bruk både i skuletid og utanom skuletid. Ein ny bygningsmasse kan byggjas med felles oppvarmingsanlegg, t.d flisfyringsanlegg, som kan spare inn på driftskostnader. Etablerer ein t.d eit auditorium som er lagt opp til rask IT-påkopling og undervisning, kan dette rommet fungere som ekstra undervisningsrom for skulen, og tilreisande klassar som skal ha symjing kan køyre parallellundervisning. Då kan tilreisande klassar/skular køyre to klassar i fulle bussar (for å spare transportkostnadar), og ha halv dag i basseng, og halv dag undervisning i auditorium. Eit slikt rom vil i tillegg kunne fungere som møterom, kurs- og konferanserom.

## 7. Satsing på utbygging av Vats bygda

Tida etter at rapporten blei lagt fram, har leia til større diskusjonar i bygda. Det blir påpeika at det er fleire som ynskjer å busetje seg i Vats, men at det ikkje er godt nok tilrettelagd for etablering av nye bustader. Det er framleis ledige tomter på Kårhusfeltet, men det er tomter som ikkje er attraktive, i eit elles gamalt byggefelt. Dei attståande tomtene er bratte og inneklemd.

Tinghaugen har også tomter som står ledige, men også her er det svært bratte tomter som står att. Det kjem fram (som også i alle andre samanhengar) at folk ynskjer seg tomter på solsida ved fjorden, utover Stokkastranda. Elles kjem det fram at det er ynskjeleg med større bustadutvikling tettare på skuleområdet.

Slik det er no, finn ein tomter som er solrike, nær skulen, og lett utbygde, i Skjold.

Grendalaget ynskjer å påpeika at det må satsas meir på utbygginga i Vats, for etterspurnaden er der om ein byggjer ut på dei attraktive områda.

Me meiner at det er store potensiale for vekst i bygda. Her er noko som ikkje er så mange andre stader, ei bygd som har ei veldig spreidd busetnad, noko som gir rom for større tomter og romleg plass. Dette bør nyttas i arbeid med utvikling av bygda, og for å trekkje tilflyttarar.

Lenge har det vore snakk om utbygging av ny sykkel- og gangsti frå Knapphus til Kårhus. Ei slik satsing ville knytt bygda meir saman, og opna fleire moglegheiter for ferdsel innad i bygda. Dette ville også auka mobiliteten blant dei yngre, og auka attraktiviteten for heile bygda.

MVH.

Monica Nesheim

Leiar i Vats grendalag